

Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

---

<b>Dato</b>	27/04/2023
<b>Vår referanse</b>	2023/40862-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Peter Forras
<b>E-post</b>	Peter.Forras@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47690029

## Kulturminnefagleg fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø - Osterøy kommune

Vi viser til brev frå Osterøy kommune datert 10.03.2023 om ovanfor nemnde sak. Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Osterøy kommune har lagt ut planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø til høyring og offentleg ettersyn. Planprogrammet er ein revisjon av planprogrammet for kulturminneplanen som vart send til høyring i 2016. Arbeidet med kulturminneplanen stogga opp og vart aldri send til godkjenning av Heradsstyret. Planarbeidet vart starta opp att i 2022 og det vert no meld om ny oppstart av planarbeidet. Planprogrammet byggjer på det gamle, men er revidert på fleire punkt.

### Innspel

Det er svært positivt at det no vert utarbeida ein kulturmiljøplan som kan styrke vern av kulturmiljøa på Osterøy og gje ein klårare retning for forvaltninga av kulturmiljø i kommunen. Kulturmiljøplanen skal vere ein kommunedelplan som vert utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med kulturmiljøplanen vil gå parallelt med rullering av kommuneplanens arealdel 2023-2035.

Vi vil i denne samanheng vise til at Vestland fylkeskommune i sin uttale til offentleg ettersyn av planprogram for kommuneplanens arealdel 2023-2035 dagsett 12.04.2023, peikte på at kulturminne identifisert i kulturmiljøplanen må bli ein del av arealpolitikken i kommunen. I og med at desse planprosessane nå går parallelt er det ein moglegheit for at ein kan få til ein god integrering mellom kommunedelplan for kulturmiljø og KPA.

Det er positivt at kulturmiljøplanen skal kartfesta kulturmiljøa på Osterøy, i samband med dette bør ein også utarbeide forslag til nye omsynssoner for bevaring av kulturmiljø H570, eit oversyn over eksisterande H570-sonar og eventuelle endringar av eksisterande H570-sonar. Koplinga til rulleringa av KPA kan slik styrkast noko i arbeidet med kulturmiljøplanen. I rulleringa av den er det avgjerande at det innarbeidast omsynssonar for kulturmiljø H570, som vert definert og verdivurdert i arbeidet med kulturmiljøplanen.

Eit anna viktig tema å koordinere mot arbeidet med rullering av KPA er kulturmiljøa knytt til tettstadane på Osterøy. Eit av dei sentrale tema som vert lista opp i planprogrammet er ivaretaking av kulturminne i utvikling av tettstadar og bygder. Vi er einige i at ei viktig problemstilling for arbeidet blir å utvikle løysningar for stader der det både er eit arealpress og ein konsentrasjon av kulturminne/kulturmiljø. Det er viktig at ein skildrar

kulturminneverdiane til dei historiske tettstadane, og at ein i KPA utviklar gode plangrep for å nytta kulturminna som ein ressurs i stadutviklinga. Lokalsentra som vart trekt fram i planprogram for KPA var Lonevåg, Haus, Valstrand og Fotlandsvåg. Her er det viktige kulturmiljøverdiar som både kan vernast og nyttast som ein ressurs i stadutviklinga. Andre tettstadar med kulturmiljøverdiar som bør skildrast i planen er Tysse, Hosanger og Bruvik.

Det vert lagt opp til ein prosess med medverknad og ein brei innsamling av innspel til viktige kulturmiljø. Slik vi forstår organiseringa av arbeidet med planen skal det utførast av kommunen sine fagfolk i plan- og kulturavdelinga. Kvalitetssikringa av arbeidet vert delvis knytt til samarbeid med Osterøy museum, lag og organisasjonar og einskildpersonar i kommunen. For ei ytterlegare kvalitetssikring av kartlegging og metodikk kan ein også nytte kompetansemiljø utanfor kommunen. Vestland fylkeskommune kan gje råd særleg med tanke på kva som kan vere kulturmiljø av regional interesse.

Konkrete kulturmiljøkategoriar som ut frå eit regionalt perspektiv på kulturhistorie på Osterøy kan vere naturleg å legge vekt på er:

- småindustri
- bergverksdrift (Skaftå, Nonås, Hosanger)
- vasskrafta
- mølledrift
- gårdsdrift og utmarksminne
- byggeskikk
- tettstadene

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan (Førde)

**Peter Furras**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*